



Oppdrett av kje og unggeiter

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit - TINE

Sammendrag

Oppdrett av kje og unggeiter legg grunnlaget for om ein lukkast med produksjonen i første laktasjon.

Publisert

2013

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2013

Utskriftsdato

19.04.2025 www.fag.nsg.no

Oppdrett av kje og unggeiter

Oppdrett av kje og unggeiter legg grunnlaget for om ein lukkast med produksjonen i første laktasjon.

I Topp Team Føring Geit si prosjektbesetning på Andøya registrerte vi at vekta på unggeitene ved første kjeing var lågare enn vi meiner er optimalt.

Registrering av levandevokter på kje og ungdyr i 2011 gav oss grunnlag for å vurdere tilveksten i ulike periodar og føreslå endringar for å oppnå høgare tilvekst.

Endring av føringstrategi i beitetida, kraftfôrtype og gruppering av ungdyr etter storleik på hausten gav resultat på tilvekst i 2012.

For låg tilvekst første to månader etter innsett

Ved innsett vart alle kje sett saman i same bingje. Kraftfôr vart tildelt 2-3 gonger pr. dag og kraftförmengde blei auka gradvis - frå 0,55 til 0,7 kg Sau/Lam Appetitt. Det var til tider litt problem med diaré på nokre av kjea. Ein gjekk då inn med litt roetopp i tillegg.

Kontrollveging 15. november syntte at tilveksten frå innsett ikkje hadde vore tilfredsstillande. Variasjonen i vekter var også for stor.

Inndeling av kjeflokken etter storleik betra tilveksten

Kontrollveging 17. desember syntte at tilveksten hadde auka betydeleg. Ved å dele inn kjea etter storleik, sikrar ein jamnare og betre føropptak der dei minste får betre tid til å ete og dei store ikkje eter opp for dei minste. Tilveksten vil også bli jamnare. Erfaringa vår er at vi burde gruppert kjea etter storleik allereie frå innsett.

Likevel har ein i sesongen 2012 oppnådd høgare tilvekst på unggeitene.

Ved 9 månaders alder var unggeitene i gjennomsnitt 4,3 kg tyngre enn året før.

Det er framleis potensiale i denne besetninga for betre og jamnare tilvekst på unggeitene om hausten - og dette er målsettinga for sesongen 2013.

*Av Helga Kvamsås
Topp Team Føring Geit*



Beitesommeren 2012 ble det laget til en innretning for tilleggsføring med kraftfôr og grovfôr.

Fôringsopplegg og tilvekst i 2011:

Periode	Fôring
Mjølkefôringsperioden	7-8 veker med fri tilgang til mjølkeerstatning i automatar
Inne fram til beiteslepp ca. 1. juli - 3,5 mnd.	Høy første månaden, deretter same grovfôr som geitene, appetittfôring. Kalvestart fram til 3 mnd., deretter same kraftfôr som geitene. Litt lett for å få mageproblem ved daglege kraftfôrmengder over 5 hg.
Beite, fram til innsett i september - 2,5 mnd.	Litt kraftfôr første dagane, deretter ikkje kraftfôr.
Innefôring fram til kjeing - 6 mnd.	Grovfôr etter appetitt. Kraftfôr: Gradvis auke i kraftfôr til 3-4 hg om dagen. Vidare auke til 7-8 hg nær kjeing. Same kraftfôrtype som til geitene; Melketopp og Toplac.

Vektutvikling og tilvekst i 2011:

Alder	Levendevekt i gjennomsnitt, kg	Tilvekst, g/dag i perioden
3,5 mnd.	22,6	186 (fødsel til beiteslepp)
7 mnd.	30,2	70 (beiteperiode + 1 mnd. innefôring haust)
9 mnd.	34,3	70
12 mnd.	42,5	125 (vi reknar lite tilvekst siste 3-4 veker før kjeing)

Kjea har hatt svært god tilvekst dei første 3,5 månadane fram til beiteslepp. Veksten stagnerte i beiteperioden og utover hausten. Dei siste 2-3 månadane før kjeing var tilveksten god.

Endringar i opplegget for fôring av kje og ungdyr sesongen 2012:

Periode	Fôring
Mjølkefôringsperiode	Ingen endring
Inne fram til beiteslepp	Endring kraftfôr: Kalvestart fram til ca. 10 veker. Overgang til Sau/Lam Appetitt med høg andel fiber og moderat stivelsesinnhald gav betre vomfunksjon og lite mageproblem på kjea.
Beiteperiode	Endring: Innretning for tilleggsfôring med kraftfôr og grovfôr. Kjea fekk kraftfôr i heile beitesesongen og i perioder også grovfôr.
Frå innsett til kjeing	Kraftfôr: Fortsatte å bruke Sau/Lam appetitt.
Frå november	Gruppering av kjea etter storleik i ulike bingar.

Vektutvikling og tilvekst 2012:

Alder i mnd.	Levande vekt, kg	Tilvekst, g/dag i perioden
4 mnd.	24,2	176 (fødsel-beiteslepp)
6,5 mnd.	30,6	86 (beiteperioden)
8 mnd.	34,3	70 (19. sept.-15. nov.)
9 mnd.	38,4	135 (15. nov.-17. des.)

Også i 2012 hadde kjea god tilvekst fram til beiteslepp. På beite var tilveksten 86 g/dag. Våre anbefalingar seier at tilvekst på beite bør vere 80-100 g/dag.



Fôringsplassen ute hadde tak over fôrbrettet som kunne åpnes i forbindelse med fôringa.

Tørrgjødelspreiar

gafner

Maksimal utnytting av sau, geit, fjørfe gjødelse og talle, heile sesongen!

Kutter og spreier 3 til 20 meter!

Sjå film og pris på www.gafner.no



Sprei frå veg, opp og ned skråning, og i terreng!!!

- galvanisert
- sveitsisk kvalitet
- Størrelsar: 2 til 12m³

Be om tilbod no!

Maskinsenteret

Gafner importar i Norge
6856 Sogndal tlf. 90880761

www.maskinsenteret.as

SPINNVILT

rokker, spinneutstyr,
kardemaskiner, kammer m.m.
SPINNEKURS.

www.spinnvilt.no

Geitebudeie sommeren 2013 på Østlandet

Voksen sykepleier med erfaring fra støl.

Kontakt: birwet@gmail.com
Tlf. 908 66 837